

Sak 05-24 Matavfallsposar: overgang til anna materiale?

Tilråding til vedtak:

1. Styret ber om at administrasjonen førebur overgang til bioposar for matavfall, med mål om innføring seinast 1.halvår 2025. Fram til det skal ordninga med matavfallsposar i plast vidareførast.
2. Meirkostnadane med tiltaket skal innarbeidast i budsjettet for 2025.

Saksutgreiing:

Styret i VØR har ved to tidlegare høve handsama saker knytt til kva løysing ein skal ha for matavfallsposar. I sak 6-21 vart det vedteke å prøve ut ei kombinert løysing med utdeling av papirposar, i kombinasjon med valfri bruk av egne plastposar. Det vart innkjøpt papirposar og egne korgar til dette i 2022, men administrasjonen valde å sette dette på pause. Det vart framlagt ei ny sak for styret, og i sak 17-23 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Styret viser til sak 06-21 der det vart gjort vedtak om prøveordning med papirposar til innsamling av matavfall. Styret vedtek at oppstart av prøveordning for bruk av papirposar til matavfall vert utsett inntil vidare.*
2. *Styret ber administrasjonen greie ut overgang til bioposar til matavfall, herunder praktiske og miljømessige sider, samt kostnadskonsekvens. Alternativet skal sjåast opp mot dagens løysing med plastposar og ei alternativ løysing med heilt eller delvis bruk av papirposar.*
3. *Styret ber om at val av løysing for matavfallsposar vert vurdert i høve til våre naboselskap sine val av løysingar, samt den planlagde utgreiinga knytt til regionalt samarbeid om forbehandlingsanlegg.*

Hovudårsaka til at ei innføring av papirposar vart lagt på is, er at vanskegraden for abonnentane er vesentleg større med papir enn med plast og bioposar. Dette dels fordi papirposane er sårbare for fukt og dels fordi materiellet ville innebere at mange kjøkenbenkar måtte møblerast om. Det er også vesentleg at papirposar inneber høgare materiellkostnader og at den føreslegne ordninga innebar at plastposar framleis skulle kunne brukast. Etter dette er det innkjøpte lageret av papirposar og spesialkorgar avhenda, og administrasjonen anser dette alternativet som uaktuelt for VØR.

Handleposar i plast vert no fasa ut overraskande fort her i landet. I den situasjonen framstår det ikkje som logisk at VØR skal vidareføre ordninga med plastposar til matavfall i særleg lang tid:

- Plastposane er i praksis ei forureining av matavfallet som råstoff. Posane må skiljast ut saman med anna ureining før matavfallet kan gå inn i biogassanlegget, og posane endar saman med det øvrige rejektet som restavfall.
- Mikroplast i bioresten er ei utfordring for mange biogassanlegg, fordi ein ikkje greier å skilje ut alle plastpartiklane i reinseprosessen. Mikroplasten følger med bioresten ut på markane når den vert nytta til gjødsel.
- For ei bedrift som VØR som jobbar for sirkulære løysingar, er det eit uheldig signal å nytte posar produsert av eit ikkje-fornybart råstoff, når det finst alternativ produsert av biologisk nedbrytbart materiale (primært maisstivelse).

På den andre sida ser vi både fordeler og ulemper knytt til bioposar:

- Bioposane er krevande for ein del biogassanlegg å handtere, fordi dei blir seige. Det finst like fullt tekniske løysingar som handtere bioposane kurant. I ein metta råvaremarknad kan ein risikere at der er færre potensielle mottaksanlegg for matavfall med slik emballasje.
- Også ein stor andel av bioposane endar i forbehandlinga med å verte skilt ut og ende som rejekt til forbrenning.
- Bioposar vil av abonnentane kunne opplevast som eit mindre brukarvenleg alternativ i høve til plast. Dei pustar og vert såleis litt fuktige / klamme, og i tillegg kan dei framstå som veikare enn plastposane. Dette gjeld i mindre grad om dei tilrådde korgene med lufting vert brukt.
- Bioposane er ein god del dyrare enn plastposar, nærare 50% må ein rekne med.
- Ved at bioposane sveittar, forsvinn ein del væske frå posen gjennom fordamping. Det vert hevda at dette kan utgjere opp mot 10% av vektvolumet, noko som i så fall er ein klar økonomisk fordel for ein fraksjon som har høg kostnad pr tonn å avhende.
- Bioposane har ei meir avgrensa levetid enn plastposane, anslagsvis 12 mnd, sidan ei viss nedbryting vil starte. Det inneber at dei ikkje kan lagrast like lenge – verken hos VØR eller abonnent. Ved distribusjon må ein også sikre at rullane med posar ikkje vert liggane ute i regn.

Administrasjonen har etter vedtaket vart gjort i 2023, vore i dialog med andre selskap, leverandørar og mottaksanlegg for å kartlegge erfaringar og preferansar med bioposar. Per i dag nyttar NoMil og RIR bioposar, medan SSR og Attvin også nyttar plast. Bioposar framstår som eit ordinært produkt, vel utprøvd, i mange kvalitetar og med relativt mange konkurrerande leverandørar.

Dagens bruk av plastposar til matavfall er velfungerande både for abonnentane, mottaksanlegget HRA på Jevnaker og for VØR. Det er såleis ikkje noko hast med å finne ei anna løysing. I Strategiplan 2024-27 er overgang frå plast- til bioposar innarbeidd som eit tiltak i 2024, og det å vedta og førebu overgang i 2024 må seiast å vere innanfor dette målet, sjølv om ikkje innføringa skjer før i 2025.

Administrasjonen i VØR har siste to månadane testa bioposar av to ulike tjukter; 15 og 17 my. Dei tjukkaste vert opplevd som tryggast og best, men det synest å vere liten fare for at nokon av dei raknar, sjølv ved bruk av tett matavfallsboks. NoMil bruker per i dag posar som har ei tjukt på 19 my.

Dersom vi anslår at VØR sine 9600 abonnentar vil ha eit samla forbruk på ca 1,0-1,2 mill posar pr år, vil eitt års forbruk med plastposar koste ca 350-400.000 kr, medan bioposar vil koste ca 500-600.000 kr (basert på prisanslag frå vår leverandør i dag). Bioposar kan innebere eit noko høgare forbruk av posar, og den årlege kostnadsauken er såleis estimert til 200.000 kr. Ei omlegging vil i tillegg innebere eit behov for å kunne tilby korgar med lufting til dei abonnentane som ønsker det, noko som kan innebere ein eingangs tilleggskostnad på 50-80.000 kr.

Merk også at ei slik omlegging vil innebere kostnader knytt til informasjonsarbeid ut mot abonnentane, og at det må settast av kapasitet til dette før og under innføringa.

VØR er i desse dagar ute i ei felles anbodsrunde med NoMil på dunkar. Vi ser at det generelt er ein fordel å samordne materiellet vårt, i tillegg til at det er fordelaktig å gjennomføre innkjøpskonkurransar i fellesskap. NoMil skal ha ny anbodsrunde på bioposar, sekkar og liknande ved komande årsskifte. Då er det svært aktuelt å gjennomføre ei felles anskaffing også på denne typen materiell. Samordning av materiell mellom selskapa gjer at vi får volumrabattar, reduserte transportkostnader og at vi kan hjelpe kvarandre med suppleringslager.

Den økonomiske situasjonen til VØR tilseier at eitkvart tiltak som inneber kostnadsvekst bør vurderast nøye. I dette tilfellet er den årlege kostnadsauken vesentleg, men det er også miljøgevinsten. Ved å avvente innføringa av bioposar til eit fellesinnkjøp med Nomil er gjennomført, oppnår ein truleg betre pris og leveringsvilkår. Administrasjonen tilrår difor at bioposar vert innført av VØR, men ikkje før det er gjennomført felles priskonkurranse med Nomil og evt andre naboselskap.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg: Styresak 17-2023 Val av løysing for matavfallsposar